



Elene Aspevik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/109 - 17/732

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
18.01.2017


Byggesak gbnr 28/123 Kvalheim nedre/ Marøy - Transportabelt minihus - planstatus og søknadsplikt

Dykkar e-post av 17.01.17 som gjeld førespurnad om permanent plassering av husvogn på eigedomen gbnr 28/123 (tomt 18).

Planstatus

Tomt 18 ligg som del av gbnr 28/123 og innafor reguleringsplan for Kvalheim nedre, planid. 12602006000100.

Eigedomen er regulert til bustadføremål.



Utsitt frå reguleringsplan

Det vil sei at det på eigedomen bare kan førast opp heilårsbustad, ikkje fritidsbustad eller byggverk med andre føremål. Ein heilårsbustad skal tilfredsstillе krav i plan- og bygningslova og forskrift om tekniske krav til byggverk som gjeld for heilårsbustad. Mellom anna når det gjeld isolasjon, energiforsyning, planløyising, storleik, etc.

Vatn og avlaup

Det er krav til hygienisk trygt drikkevatn for heilårsbustad, jf. plan- og bygningslova § 27-1.

Det er krav til godkjent avlaupsløyising for heilårsbustad, jf. plan- og bygningslova § 27-2. Tett-tank er ikkje ein godkjent avlaupsløyising i Radøy kommune, jf. Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.

Skatter og avgifter

Det er uklart for kommunen kva dykk her ynskjer informasjon om, men det vil vere kommunale avgifter som for heilårsbustad.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Elene Aspevik